

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 12. juni 2013, kl. 18.00-20.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Hanne E. Hesthammer, Knut Haugen,
Arne Bergstø, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken og Britt-Heidi

Selsvik.

Sak 1) Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Inga merknader til møteinnkalling.

Oppfølging og gjennomgang av liste over ulike oppgåver for styremedlemmene etter siste styremøte vart utkvittert.

Sak 2) Herandshelg.

Gjennomgjekk oppgåvene til Bygdelaget.

Sak 3) Badeplassen og eit område kring skulen- plenslått.

Sigmund er i dialog med J. S. Skeie /Landskapsparken, om det let seg gjera å få til eit samarbeid her. Evt. at ein ungdom i bygda kan ha dette som ein liten sommarjobb?

Sak 4) Herand familiebarnehage.

Rekneskap/budsjett lagt fram av kasserar. Resultatet ligg innafør godkjende budsjettrammer.

Til saman i barnehageåret, eit underskot på ca. kr. 55 000.-

Representantar frå styret blir med på sommarfesten til Barnehagen, 26.juni.

Sak 5) Herand barnehage.

Arbeidsgruppa arbeidar vidare med denne saka. Målsetjinga er ei snarleg avklaring i høve vidare drift.

Sak 6) Vaktliste for vatning av blomar og tøming av boss, sommaren-13.

Desse oppgåvene blei fordelt på styret.

Sak 7) Forespørsel frå Arjen Stolk om forlenga leige av lokaler.

Arjen får leige lokaler vidare. Arne B. er i dialog med han.

Sak 8) Bygdekafè.

Sidsel H. lagar ny liste for Bygdekafè og sender ut.

Sak 9) Eventuelt.

- a) Magasinet, « Draumen om Folgefonna». Sidsel og Kaia bistod kommunen med tekst og bilete i høve Jondal kommunen si profilering i magasinet.
- b) Arne B. har laga eit enkelt «skissekart» over Herand til bruk under Herandshelga.
- c) Herand Bygdelag er tildelt kr. 12 000.- (tilskot lagshus), frå Jondal kommune.
- d) Overfylte bossdunker (hytterenovasjon) er eit attendevendande problem. Sigmund arbeider med denne saka.
- e) Herand Bygdelag kjem ikkje til å stå ansvarleg for å slå kommunale areal i Herand.
- f) 2 forslag på nytt namn på skulen er kome inn til styret for Bygdelaget.

Britt-Heidi Selsvik / skrivar.